



Aurland kommune

Økonomiplan 2019- 2022/ budsjett 2019. Framlegg frå formannskapet



Foto: Bjørn Andresen

Innhold

Plasseringar i Kommunebarometeret 2010-2018	2
Framtidsbarometeret 2018 – Korleis ser det ut for kommunen 4 år fram i tid	3
Rådmannen sine kommentarar	6
Plansystemet og dei økonomiske samanhengane	9
Økonomiplan 2019-2022	11
Økonomiske rammeføresetnader.....	11
Statsbudsjettet 2019.....	11
Folketalsutviklinga	15
Overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling	16
Utvikling av fond og framskriving av langsiktig gjeld.....	18
Likviditetsvurdering.....	20
Premieavvik - utvikling.....	21
Drift	22
Oversikt drift	22
Verknader av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett	22
Tiltak i økonomiplan 2019 - 2022	24
Kommunale sjølvkostgebyr – budsjett 2019.....	29
Budsjettskjema 1A - drift	30
Budsjettskjema 1B (Driftsoversikt)	31
Budsjett konsesjonsavgiftsfondet.....	32
Investeringar 2019-2022	32
Budsjettskjema 2A - investering.....	36
Budsjettskjema 2B - investeringar 2019.....	37
Vedlegg: Skildring av investeringstiltak 2019 - 2022	38

Sentrale styringsdokument:

- Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2018 – 2021
- Budsjett 2018
- Tertialrapport 2. tertial 2018
- Utfordringsnotat/grunnlagsdokument 2018 – 2021
- Omstilling pleie og omsorg 2017 - Aurland kommune - Notat frå RO – juni 2017
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Hovudplan for vatn- og avlaup
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for klima og energi
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse
- Kommuneplan for Aurland.

Plasseringar i Kommunebarometeret 2010-2018

Dette er plasseringane slik dei faktisk blei rapportert dei ulike åra. Serien kan ikkje samanliknast over tid, fordi innhaldet i barometeret har endra seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nøkkeltallene alene	122	182	34	49	6	12	175	21	61
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	420	418	317	338	320	202	382	266	210
Rangering inntektsnivå	10	10	6	6	5	6	5	5	9
Grunnskole	97	47	62	16	41	22	26	39	43
Pleie og omsorg	373	355	268	299	47	23	320	61	142
Barnevern	19	293	378	347	213	279	346	124	260
Barnehage	334	311	18	39	161	33	356	91	112
Helse			71	56	54	61	164	184	158
Sosial	396	245	262	222	274			127	
Kultur		2	3	6	2	5	10	4	3
Økonomi	111	45	28	24	20	77	45	70	145
Kostnadsnivå		407	421	402	253	427	427	422	421
Miljø og ressurser	13		364	309	267	55	95	320	232
Saksbehandling			18	27	74	68		107	111
Vann, avløp og renovasjon			32	134	163	211	261	53	1

Aurland endar på ein 210. plass i Kommunebarometeret 2018 frå Kommunal Rapport. Då er plasseringa korrigert med omsyn til økonomiske rammeføresetnader. Nøkkeltala er samla sett klart betre enn normalen i Kommune-Norge.

Aurland er heilt i toppsjiktet innan vatn, avlaup og renovasjon og kultur. Kommunen er også inne på Topp 100-lista innan grunnskule. Kommunen har sin svakaste plassering innan «enhetskostnader» (421. plass). Dersom ein ser vekk frå kommunane sine ulike økonomiske utgangspunkt, kjem Aurland på ein 61. plass. Nøkkeltala er omlag som forventa ut frå økonomiske føresetnader.

Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Aurland er blant dei høgaste i landet, og kommunen er på 418. plass på denne tabellen. Innan pleie og omsorg er kommunen blant dei dyraste drivne i landet. Aurland driv barnehagane dyrare enn dei aller fleste andre kommunar. Kommunen er på 412. på denne tabellen.

Aurland

139. plass

	Plass	Utgangspunkt
Folketall:	107. plass	Godt
Sysseilsetting:	39. plass	Godt
Økonomi:	72. plass	Middels

Målinga set kommunane opp mot kvarandre. Høg og låg risiko er rekna mot resten av Kommune-Norge. Faktisk risiko er avhengig av andre element som ikkje er med i denne vurderinga. Det er kommuneinndelinga frå 2020 som er brukt, med til saman 356 kommunar.

Folketall

107 plass

Nøkkeltall	Beskrivelse	Kilde	Verdi	Karakter	Plass
Folketall	Endring neste fire år	Prognose fra SSB	1	3,6	170
Barnehage	Endring neste fire år	Prognose fra SSB	7,9	6	32
Grunnskole	Endring neste fire år	Prognose fra SSB	-6,7	2,2	287
Eldre	Endring neste fire år	Prognose fra SSB	-8,5	6	7
20-66 år	Endring neste fire år	Prognose fra SSB	0,5	3,9	141
Netto innflytting	Netto innflytting innenlands, i prosent av innbyggertallet	SSB	-0,8	3	249

Nasjonalt ventar SSB at folketalet skal auke med 2,7% dei neste fire åra. Kommunar med veldig høg vekst eller nedgang i folketalet kan rekne med noko høgare/lågare vekst i rammetilskotet enn

gjennomsnittet. I Aurland forventar SSB at folketalet vil vere om lag uendra dei neste fire åra.

Tal småbarn er venta å gå ned nesten 4% i Norge fram til 2022. Over 250 av dei framtidige kommunane vil få færre småbarn, i følgje prognosane. I Aurland ventar SSB at tal småbarn under skulealder skal auke med 7,9%.

Det blir om lag uendra tal skuleelevar i Norge i åra framover, i følgje SSB sine prognosar. Over halvparten av kommunane i den nye strukturen vil få færre elevar. I følgje prognosane vil tal skuleelevar gå ned med 6,7% dei neste åra.

Nasjonalt er det førebels ingen stor eldrebølgje. Tal innbyggjarar over 80 år er venta å auke med 8% på fire år. Det er sær store lokale skilnadar. I over 50 kommunar forventar SSB at det blir færre gamle i åra som kjem. I Framtidsbarometeret er det å få fleire eldre rekna som negativt, i motsetnad til utviklinga i dei andre aldersgruppene. Om prognosane til SSB slår til, blir det 8,5% færre innbyggjarar over 80 år i Aurland dei neste åra.

Kommunar med sterk vekst i tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder, kan i utgangspunktet venta å få større forventningar til vekst i skatteinntekne enn andre. Dei 189 kommunane som er venta å få færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder, har det dårlegaste utgangspunktet. I Aurland ventar SSB at det knapt blir endringar i denne aldersgruppa dei neste fire åra.

Sysseletting

39 . plass

Nøkkeltall	Beskrivelse	Kilde	Verdi	Karakter	Plass
Andel sysselsatte	Antall sysselsatte som andel av innbyggere 20-66 år	SSB	86,7	5	79
Andel uføre	Antall uføre som andel av innbyggere 20-66 år	Nav	8,9	5,5	62
Sysselsatte per pensjonist	Antall sysselsatte / antall innbyggere over 67 år	SSB	2,8	3,3	155
Pending	Antall som pendler inn til jobb i kommunen, mot antall som pendler ut, i prosent	SSB	-5	4,7	110
Skatteinntekt per innbygger	I prosent av landsgjennomsnittet	KMD	165	6	6

Målt mot innbyggjarar mellom 20 og 66 år, er omlag fire av fem personar sysselsett (81,3%) nasjonalt. Dei beste kommunane ligg på over 90% sysselsetting, dei

dårlegaste på under 75%. I Aurland er tal sysselsette på 86,7% av tal innbyggjarar 20-66 år.

Det er omlag 310.000 uføre i Norge i følgje tal frå NAV. Målt opp mot aldersgruppa 20-66 år, utgjer det ganske nøyaktig 10% av innbyggjarane. Høgt tal uføre er negativt på fleire måtar. I kommunane som ligg dårlegast an, er det fire gonger så høg del uføre, som i dei beste kommunane. Tal uføre målt mot innbyggjarar 20-66 år i Aurland er på 8,9%.

Netto pendling inn til kommunen kan være ein indikator på at kommunen er attraktiv som arbeidsstad. Det kan og indikere at det kan være eit potensiale for tilflytting, gitt at pendlarane finn tilbodet godt nok.

Økonomi

72 . plass

Nøkkeltall	Beskrivelse	Kilde	Verdi	Karakter	Plass
Inntektssystem	Vedtatte strukturelle endringer i systemet	KMD	0,1	5,5	103
Inntektsnivå	Korrigert inntekt, inkludert utbytter og korrigert for arbeidsgiveravgift, målt mot snittet (100)	KMD	181,3	6	6
Korrigert netto driftsresultat	Driftsmarginen korrigert for avsetning til bundne fond og pensjon. I prosent av brutto driftsinntekter	SSB	2,5	3,4	184
Netto lånegjeld	Netto renteeksponert gjeld for kommunen, i prosent av brutto driftsinntekter	SSB	10,2	5,2	63
Disposisjonsfond	Disposisjonsfond og regnskapsmessig mindreforbruk, i prosent av brutto driftsinntekter	SSB	18,1	4,9	297
Eiendomsskatt fra næring som andel av brutto inntekter	Inntekt som andel av brutto driftsinntekter	SSB	15,5	1	349
Kostnadsnivå barnehage	Netto driftsutgifter per innbygger, korrigert for delkostnadsnøkkelen for barnehage	SSB	11048,4	1	344
Kostnadsnivå grunnskole	Netto driftsutgifter per innbygger, korrigert for delkostnadsnøkkelen for grunnskole	SSB	18656,7	1	349
Kostnadsnivå eldre	Netto driftsutgifter per innbygger, korrigert for delkostnadsnøkkelen for pleie og omsorg	SSB	24501,2	1	351
Finanskostnader ved renteheving	Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag	SSB	-2,7	6	7
Inntekt fra Havbruksfondet	Utbetaling i 2018, i prosent av brutto driftsinntekter (2017).	NFD	0	1	139

Driftsmarginen er det viktigaste økonomiske nøkkeltalet. De er korrigert for avsetningar til bundne fond og pensjon. I 2018 var korrigert netto driftsresultat på 3,5% nasjonalt. I Aurland kommune var det korrigerte resultatet på 2,5% inkl. resultatet til Hamnevesenet. Det reelle korrigerte netto driftsresultat til kommunen er 0,25%. KS og staten meiner at korrigert netto-driftresultatet bør minst vere på 1,5%.

Korrigert for delkostnadsnøkkelen for barnehage, kostar

ein plass 8.435 kroner per innbygger i året. Dei dyraste kommunane ligg neste dobbelt så høgt, medan dei rimelegaste driftar for godt under 8000 kroner. I Aurland er

kostnaden på 11.048 kroner per innbygger. Kommunen er blant dei 25 dyraste i landet med høgast kostnadar i barnehagen.

Ein skuleelev kostar ein kommune knapt 13.500 kroner i året, når det blir justert for delkostnadane i inntektssystemet. Det er ganske små forskjellar mellom kommunane. Dei rimelegaste ligg under 12.500 kroner per innbygger, medan dei dyraste driftar for vel 16.000 kroner eller meir. I Aurland er kostnaden på 18.657 kroner per innbygger. Kommunen er blant dei 25 i landet med høgast kostnader i grunnskulen.

Pleie og omsorg er den klart dyraste tenesta i Kommune-Norge. I snitt kostar den over 17.000 kroner per innbygger. Justert for delkostnadsnøkkelen ligg dei dyraste kommunane på langt over 20.000 kroner per innbygger. Dei billigaste driftar for under 15.000 kroner per innbygger. I Aurland er kostanden på 24.500 kroner per innbygger – altså justert for forventa utgiftsbehov. Kommunen er blant dei 25 i landet med høgast kostnader i pleie og omsorg.

Rådmannen sine kommentarar

Hovudmålet for Aurland kommune er å legge til rette for eit naturleg bustadval, eit mangfaldig næringsliv, heilårs arbeidsplassar, gode fritidstilbod, trygge oppvekstvilkår og god tenesteyting.

Aurland kommune har låg arbeidsløyse som generelt trekk. Slik har det vore over fleire år, noko som er positivt. Men det utfordrar oss også, fordi det til tider kan vere vanskeleg for arbeidsgjevarar å skaffe arbeidskraft. Det er stigande sesongarbeidsløyse i vinterhalvåret, grunna eit særskilt stort arbeidskraftbehov gjennom sommarsesongen. Det blir arbeidd med å utvikle eit betre samarbeid mellom NAV og bedriftene. Bedriftene i Aurland er flinke til å nytte lokal arbeidskraft, men særleg reiselivsverksemdar må rekruttere utanlands. Integrering av tilflyttarar blir viktig for lokalsamfunnet.

Det er god vekst i det private næringslivet, og då særskilt innan reiselivsnæringane. Skatteinngangen ser lovande ut så langt i 2018.

For Aurland kommune er 2018 nok eit utfordrande år med historiske høge investeringsnivå, samtidig med ein kraftig reduksjon i eigedomsskatt frå kraftverk i 2017. Det samla inntektstapet var om lag 12 mill. kroner. I vedteke driftsbudsjett for 2017 vart ikkje denne reduksjonen teke omsyn til, og kommunen må handtere dei økonomiske utfordringane i denne planperioden. Det er sett i verk tiltak for å handtere mindre inntekter framover. Sjølv om eigedomsskatten betra seg med om lag 4 mill. kroner i 2018, så er utsiktene for 2019 ein ny reduksjon på om lag 5 mill. kroner. Eit lyspunkt er at kommunen sitt disposisjonssfond er styrka dei siste åra. Dette skuldast større utbyte frå selskap. Det er lagt opp til ei investeringsramme opp mot 60 mill. kroner i 2019, og samla i planperioden er investeringsramma på over 200 mill. kroner. Kommunen har for lite eigenkapital til å handtere dette volumet, og det må arbeidast med å skaffe til rådighet slik kapital. Alternativet er å redusere investeringstakten monaleg i perioden. Ein annan utfordring er gjennomføringskapasiteten i organisasjonen. Skal investeringane vere så høge, må det inn meir ressursar på gjennomføringssida. Det kan gjere kvart investeringsprosjekt litt dyrare, men samstundes vil det samsvare meir med forventingar og målsettingar. Det vil og betre kommunen sin kontroll med prosjekta.

Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett slår ut dårleg for Aurland kommune. Gjennomsnittleg vekst i dei frie inntektene for landet er på 2,9%. Aurland kommune har fått ein vekst på 1,7%. Ved utrekning av realvekst i inntektene til kommunesektoren er det lagt til grunn ein pris- og kostnadsvekst (kommunal deflator) på 2,8% i 2018. Dette byggjer blant anna på eit lønsvekstanslag på 3,2%. Det betyr at Aurland kommune vil få ein realnedgang i 2018 på om lag 2 mill. kroner. Dette må hentast inn i kommunen sin drift. Når ein i tillegg mister om lag 5 mill. kroner i eigedomsskatt, så vil samla behov for netto driftstiltak vere på om lag 7 mill. kroner for 2019. Dette er ein stor utfordring, og stiller store krav til planlagde omstillingar i planperioden.

Det skal leggjast opp til auka interkommunalt samarbeid i denne planperioden. ÅLA-prosjekta er under utgreiing. Rådmannen forventar ikkje økonomiske reduksjonar med det første ved å arbeide meir interkommunalt, men det kan vere med på å sikre rekruttering og større fagmiljø. På den måten vil og tenestene kunne bli betre. Det vil utfordre oss på fysisk tilgjenge, men Kommune-Norge er i endring og digitale løysingar blir utvikla i stor fart.

Rådmannen er i gang med ei rekke prosjekt og tiltak for å effektivisere drifta og bli meir fleksible. Desse er lista opp i kommuneplanen sitt handlingsprogram. Eit sentralt prosjekt er organisatorisk endringsprosjekt. Andre prosjekt er digitalisering – om korleis nye, digitale løysingar gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane – samordning av tenester for barn og unge. Kommunane opplever større forventningar frå innbyggjarane og

fleire krav frå styresmaktene, utan at dei økonomiske rammene aukar tilsvarande. Åra som kjem blir meir krevjande og samstundes utviklande.

For å få til dette må det utarbeidast strategiar og gjennomføre tiltak som er realistiske, og har den naudsynte effekten som vil gjere sitt til at Aurland kommune opprettheld handlefridomen.

Prosjekt tverrfagleg samarbeid barn og unge er i gang og skal vare ut 2021. Hovudmålet er å ivareta barna sin rettstryggleik og sikre god samordning av tenester på tvers til barn og unge. Dette for å sikre rett hjelp til rett tid og god ressursutnytting.

Dette skal nåast ved å nytte tilgjengelege ressursar til beste for barn og unge. Felles prosedyrar og verktøy skal gje god ressursutnytting. Attraktive fagmiljø skal gje kommunen ei føremon i samband med rekruttering. Prosjektet har høg prioritet.

Viktige grep i budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2021 er:

- Nytt symjebasseng skal ferdigstillast i første halvdel 2019.
- Slutføring av arbeidet etter flaumen i 2014.
- Bygging av ny barnehage startar opp i 2020. Det er venta fleire barn i alder 0-5. Dei kommunale barnehagebygga er ikkje tilfredsstillande, og har ikkje kapasitet til å møte nye og framtidige kvalitetar til moderne barnehagebygg. Det bør vurderast om ikkje barnehagen som skal byggast skal ha kapasitet til å kunne romme plassar totalt i kommunen. Barnehagedrifta til kommunen er blant dei 25. dyraste i landet å drive. I tillegg er det vanskeleg å rekruttere pedagogar. Det skal planleggast for dei neste 20 åra. I samband med prosjektet knytt til bygging av barnehagen er det mogleg å søke om klimasatsmidlar for å identifisere mulige klimatiltak tidleg i bygge- og anleggsprosjektet. Kommunane er oppmoda til å kartlegge ulike klimatiltak knytt til materialbruk, arealeffektivitet, energiløysningar med meir tidleg i prosjekt. Dette er aktuelt for barnehagebygget, men også uteområdet til barnehagen.
- Opparbeiding av Ty bustadfelt og Fretheimshaugane del 2 skal ha høg prioritet
- Områdereguleringa i Flåm og Undredal, plan for klima og miljø, og trafikktryggleiksplan skal prioriterast
- Turveg Heggviki – Bøen er tatt med i investeringsplanen for 2019 – 2022. Dersom tiltaket skal realiserast, er det naudsynt at prosjektet må finansierast med eksterne midlar. Det er søkt om lag 12 mill. kroner i støtte frå Statens Vegvesen. Det bør setjast ned ei politisk/administrativ arbeidsgruppe som arbeider med bl.a finansieringsspørsmålet. Det er meldt inn stor interesse for denne turvegen frå både næringsliv og innbyggjarar. Det vil vere eit godt tryggingstiltak for mjuke trafikantar. Trafikktryggingssplan skal utarbeidast i 2019, og kommunen vil jobbe mot å bli ein trafiksikker kommune.
- Det skal greiast ut ei ordning med destinasjonsbidrag for å kunne møte utfordringar knytt til forventta dobling av tal dagsturgjester innan 2041. Allereie i dag er det utfordring knytt til etablering og drifta av grunnleggande infrastruktur som til dømes søppel og toalett.
- Det skal greiast ut ordning med parkeringsbetaling. Kommune har relativt store trafikk og parkeringsutfordringar, og i samband med bl.a. områdereguleringsarbeidet i Flåm vil investeringar til dette føremålet melde seg. Utfordringane i Gudvangen og Aurlandsvangen må finne si løysing og finansiering.
- Det blir innført eigedomsskatt på næring i kommunen frå 2020. Dette erstattar delvis reduksjonen i eigedomsskatt på verk og bruk.
- Aurland kommune aukar påslaget på konsesjonskrafta som blir seld til Aurland Energiverk AS frå 8 øre pr. kwh til 10 øre pr. kwh. Kommunen skal teikna ein ny eitt-års avtale med Aurland Energiverk for 2019, og legg det nye påslaget til grunn. Differansen utgjer om lag 2 mill. kroner pr. år.
- Det skal arbeidast organisatorisk endringsprosjekt Fase 2 – Internt prosjekt med mål om å bli meir effektive og samstundes levere gode tenester. Vurderingane skal

innehalde tenestenivå og oppgåver, leiarstruktur og samhandling. Økonomisk effekt er rekna til om lag 10 mill. kroner innan 2022.

- Skule og SFO følgjer den demografiske utviklinga, og tar ned drifta med 4 årsverk i løpet av planperioden. SFO-vedtekter bør endrast, og ny sak vil bli fremja i 2019.
- Omstillingsprosjekt pleie og omsorg skal utvikle ei berekraftig teneste i samspel med brukar, brukar sitt nettverk og samfunn. Tenesta skal tilpasse aktivitetsnivået til tilgjengelege ressursar. I dette inngår arbeidet med turnus og heiltidskultur. Ressursbruken blir redusert med 3,5 mill. kroner frå 2018.

Det er tilrådd å starte opp planlegging og prosjektering av investeringar frå 2020. Analysar av brukarbehova tilseier at det ikkje er naudsynt å byrje før. Dette er også i samsvar med demografiutviklinga. Det er heller ikkje kapasitet til å byrje før, og gjeldsgraden vil bli alt for høg, då store delar av (om lag 70%) må finansierast med låneopptak.

Toalettet på Bakka – rådmannen vil sjå på ei løysing der ombygging av det eksisterande påbygget på kommune sitt bygg på Bakka. Det skal utformast universelt. Kommunen har engasjert arkitekt for å sjå nærare på løysingane. Det vil uansett bli lagt opp til ei førebels ordning for sesongen 2019.

Friområde Flåm - Det har vore synfaring og møte med Interessegruppa for Friområdet Neset i Flåm. Interessegruppa fremja der innspel til budsjettet og økonomiplanen for 2019. Blant anna blei det fremja ynskje om eit heilårsope toalett og reperasjon av moloen som skil stranda og naustsona. Rådmannen vil ta initiativ til samtalar med Hamnevesenet for å sjå nærare på ei eventuell prioritering og finansiering.


Rådmannen har med dette gitt sine tilrådingar. Det er kommunestyret som vedtek kommunen sine mål og rammer for planperioden. Eventuelle endringar må ha realistisk inndecking.

Aurland, 9. november 2018
rådmann

Plansystemet og dei økonomiske samanhengane

Budsjett og økonomiplan skal utarbeidast i samsvar med lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven), med tilhøyrande forskrift om kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskap.

Kommunen sitt plan- og budsjettssystem kan illustrerast dom vist i figuren under.



Budsjett og økonomiplan må sjåast i samanheng med kommuneplanen sitt handlingsprogram. I desse dokumenta blir kommunen sin økonomiske status skildra saman med utvikling og andre forhold som påverkar kommunen sin situasjon.

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Kommunar utan handlingsrom må gå rett på kutt i tenester dersom dei ikkje har tilstrekkelege fondsreservar. Økonomiplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekte mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som blir vedteke i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ein gjennomarbeida og oppdatert økonomiplan vel så viktig som eit godt årsbudsjett. Planlegging ut over årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring. Gjennom god økonomiplanlegging skal kommunen sørgje for at avgrensa ressursar blir brukt så effektivt som mogeleg. Risikoen ved manglande langsiktig planlegging er at kommunen mister kontrollen over økonomien og hamner i ubalanse. Då er vegen til upopulære kutt i tenestetilbodet kort. Kommunen er avhengig av å vere i forkant av utfordringar og endringar for å halde på handlingsrommet. Økonomiplanen skal gi retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innanfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. God økonomiplanlegging betyr difor god oversikt over dei økonomiske og demografiske forhold m.m. som påverkar kommunen, og at økonomiplanen blir basert på reelle prioriteringar i kommunestyret.

Følgjande krav stiller lova til økonomiplandokumentet: § 44. Økonomiplan.

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planar som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

Økonomiplanen er primært eit styringsreiskap som skal sikre økonomisk styring i eit lengre perspektiv for kommunen. Kravet er fire år, men større investeringar mv bør sjåast i eit lengre perspektiv.

Økonomiplanlegginga skal bidra til at prioriteringsdiskusjonen bygger på eit realistisk grunnlag som reflekterer kva som faktisk er mogeleg å oppnå i kommunen, samtidig med at kommunen sikrar økonomisk balanse og eit grunnlag for å yte eit godt tenestetilbod over tid. For å bidra til ei felles forståing av kommunen sin økonomiske situasjon er det ei rekke ulike type spørsmål som ein bør gjennomgå, til dømes:

- Er kommunen sin økonomi i balanse?
- Kva for statlege føringar kan forventast?
- Korleis vil renteutviklinga påverke kommunen?
- Korleis vil innbyggjarutviklinga i kommunen utvikle seg i åra som kjem?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa auka etterspurnad?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa redusert etterspurnad?
- På kva for område vil kostnadane auke i framtida dersom me ikkje tar grep i dag?
- Kva for alternativ har kommunen for å dekke dei identifiserte framtidige behova?
- Kvar ligg utryggleiken/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?



I Aurland kommune vil det vere naudsynt å prioritere monaleg strengare kva ressursane skal nyttast til. Det vil vere viktig å kartlegge tenestene m.o.t figuren. Vere tydleg på det som er kjerneoppgåver, lovpålagte primæraktivitetar og statlege krav, og meir målretta på kva som er kommunen sine hovudutfordringar. «Kan og vil» oppgåver bør takast vekk eller reduserast.

Økonomiplan 2019-2022

Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke ressursane sine for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid.

Det er eit krav etter kommunelova at kommunen kvart år vedtek ein økonomiplan med finansieringa i balanse.

Økonomiplanen skal gi retning for kommunen sin ressursbruk i den komande fire-årsperioden. Ressursbruken må vere innanfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. Kommunen sine rammevilkår ligg til grunn for inntektene i økonomiplanen. Kommunestyret sine prioriteringar ligg til grunn for disponeringane i økonomiplanen.

I tillegg til å fastsette målsettingar for økonomiske nøkkelområder, skal økonomiplanen fastsette prognosar for driftsinntekter, rammer for driftsutgifter i planperioden og ein plan for investeringar i planperioden. Investeringsplanen skal synleggjere både prioritering, finansiering og konsekvensar for drift.

Økonomidelen er inndelt i fire delar:

1. Økonomiske rammeføresetnader
2. Målsettingar for nøkkelområde
3. Driftsutgifter
4. Investeringar

Økonomiske rammeføresetnader

Kommunen sine inntekter avheng av

- Skatt på inntekt og formue for personar
- Eigedomsskatt på verk og bruk, primært eigedomsskatt på kraftverk
- Naturressursskatt
- Konesjonsavgift
- Andre statlege overføringar (tilskot m.m.)
- Utbyte frå ulike selskap

Statsbudsjettet 2019

Kommunane i fylket får ein vekst i frie inntekter som ligg like under landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg vekst i fylket er 2,8 % medan snittet for landet er 2,9 %. 10 kommunar ligg likt eller over landssnittet, medan 16 kommunar ligg under.

Endringar i år – 2018

- Skatteanslaget er oppjustert med 2,4 mrd. kroner i forhold til det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2018, fordelt med 2,1 mrd. kroner til kommunane og 300 mill. kroner til fylkeskommunane. Bakgrunnen for oppjusteringa kjem av ekstraordinære store uttak av utbytte til personlege skattytarar i inntektsåret 2017. Dei ekstra skatteinntektene er av eingongskaraktar og blir ikkje vidareførte til 2019.
- Den samla pris- og kostnadsveksten - kommunal deflator – er endra til 3 % for 2018. Dette er ei auke på 0,4 % samanlikna med det som vart lagt til grunn i RNB 2018. Hovudgrunnen til kostnadsveksten er auka straumprisar, som samla utgjør ca. 1,9 mrd. kroner for kommunane. Anslag på lønnsvekst er uendra frå RNB på 2,8 %.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2019


I budsjettet for 2019 kan kommunane ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter,

men må sjølve justere for lokale tilhøve. For 2019 gjeld folketal per 1. juli 2018 for innbyggjartilskotet (inkludert inntektsgarantitilskotet) og kriteria som går på aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata er frå 1. januar 2018. Oppdatering av folketal i inntektсутjamninga blir vidareført med teljedato 1.januar i budsjettåret.

Tabell for overslag på nominell vekst i frie inntekter i 2019 for kommunane:

Kommune	Anslag på frie inntekter 2018	Anslag på oppgåve-korrigerede frie inntekter 2018	Anslag på frie inntekter 2019	Anslag på oppgåve-korrigert vekst 2018-2019	Anslag vekst rekneskap 2018-2019
1401 Flora	677 413	677 814	693 565	15 751	2,3
1411 Gulen	168 263	168 351	171 748	3 397	2,0
1412 Solund	69 370	69 399	70 286	887	1,3
1413 Hyllestad	99 460	99 507	100 523	1 016	1,0
1416 Høyanger	255 721	255 881	260 652	4 771	1,9
1417 Vik	179 841	179 956	185 178	5 222	2,9
1418 Balestrand	95 310	95 372	102 660	7 288	7,6
1419 Leikanger	143 731	143 818	146 732	2 914	2,0
1420 Sogndal	427 757	428 049	442 306	14 256	3,3
1421 Aurland	121 454	121 533	123 639	2 106	1,7
1422 Lærdal	140 177	140 249	143 542	3 293	2,3
1424 Årdal	309 738	309 903	318 328	8 425	2,7
1426 Luster	320 362	320 605	331 299	10 695	3,3
1428 Askvoll	199 860	199 996	206 329	6 333	3,2
1429 Fjaler	201 150	201 258	203 970	2 712	1,3
1430 Gaular	198 102	198 235	202 772	4 538	2,3
1431 Jølster	193 888	194 018	199 109	5 091	2,6
1432 Førde	722 140	722 627	744 153	21 526	3,0
1433 Naustdal	184 241	184 337	189 659	5 321	2,9
1438 Bremanger	257 526	257 656	262 018	4 362	1,7
1439 Vågsøy	356 648	356 865	366 541	9 676	2,7
1441 Selje	177 291	177 704	186 429	8 726	4,9
1443 Eid	350 967	351 228	366 092	14 864	4,2
1444 Hornindal	84 194	84 223	85 482	1 259	1,5
1445 Gloppen	368 311	368 567	381 318	12 750	3,5
1449 Stryn	427 611	427 880	436 254	8 374	2,0
<i>Fordelast gjennom året</i>	<i>6 100</i>	<i>6 100</i>	<i>10 500</i>		
Sogn og Fjordane	6 736 625	6 741 132	6 931 084	189 952	2,8

Nominell prosentvis vekst i frie inntekter 2019 rekna frå anslag rekneskap 2018



Grafisk framstilling av tabellen ovanfor, prosentvis nominell vekst i frie inntekter. Lønns- og prisauke (deflator) er markert på 2,8 %.

Pris- og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2019, er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 2,8 prosent. Dette byggjer bl.a. på eit lønnsvekstanslag på 3,25 prosent i 2019.

Skattøyre

Skattøyren skal fastsetjast ut frå ei målsetjing om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 prosent av dei samla inntektene i 2019. Den kommunale skattøyren vert derfor redusert med 0,25 prosentpoeng til 11,55 prosent.

Folketalsvekst og pensjon

Veksten i dei frie inntektene må sjåast i samanheng med auka utgifter for kommunesektoren knytt til folketalutvikling og pensjonsutgifter. Meirutgifter som følgje av folketalvekst og endring i alderssamanstelling (demografi) er berekna til 1,6 mrd. kroner, og meirutgifter til pensjon omlag 500 mill. kroner for kommunane. Dette må dekkast inn med veksten i dei frie inntektene.

Andre punkt i kommuneøkonomien 2019

Følgjande satsingar og tiltak er medrekna innanfor veksten i frie inntekter:

- 200 mill. kroner er lagt inn til ytterligere styrking av kommunale tenester til rusavhengige
- 200 mill. kroner er lagt inn til styrking av arbeidet med tidleg innsats i skulen
- 100 mill. kroner av veksten er lagt inn til opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering.

Hovudsatsingane ovanfor utgjer omlag 500 mill. kroner. Dette betyr at handlingsrommet etter demografiutgifter (1,6 mrd.), pensjon (0,5 mrd.) og satsingar (0,5 mrd.) er uendra frå 2018.

Men regjeringa viser til at satsingane som ligg i frie inntekter må kommunane tilpasse etter eigne behov, og at ein bør setje effektiviseringskrav til eiga verksemd.

I tillegg til satsinga på områda ovanfor, er det i 2019 følgjande endringar i inntektssystemet og andre satsingar:

- Regionalpolitiske tilskot skal prisjusterast (med unntak av regionsentertilskotet)
- Ved fordeling av distriktstilskot Sør-Noreg brukar ein den «gamle» distriktsindeksen oppdatert for 2017-tal.
- Grensa for å få veksttilskot er uendra, gjennomsnittleg folketalsvekst for dei siste tre åra på 1,4 %. Det er berre Sogndal kommune som får veksttilskot i vårt fylke i 2019.
- Eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar skal avviklast frå og med 2019. Avviklinga skal skje gradvis over 7 år. Kommunane vil bli kompensert for inntektsbortfallet med 71 mill. kroner i 2019. (Samla kompensasjon over 7 år vil utgjere opptil 500 mill. kroner.) Kommunane må no retaksere dei berørte anlegga. I 2018 vil dei få 72,5 mill. kroner i kompensasjon for kostnadene dette medfører. Regjeringa kjem tilbake med omtale av korleis retakseringa vil slå ut for enkeltkommunar i revidert nasjonalbudsjett for 2019.

Skjønntilskot 2019.

Det totale skjønntilskotet er føreslege til 1 619 mill. kroner for 2019. Dette er ein nedgang på om lag 196 mill. kroner frå 2018. Av det totale skjønntilskotet går 1 237 mill. kroner til kommunane og 382 mill. kroner til fylkeskommunane. For meir informasjon om fordeling til kommunane viser vi til eigen artikkel under statsbudsjettet 2019 på Fylkesmannen si heimeside.

Helse og omsorg

Investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar:

Det er føreslege investeringstilskot til om lag 1 500 heildøgns omsorgsplassar i 2019. Det blir sett av 130 mill. kroner og ei samla tilsagnsramme på 2 612,6 mill. kroner. 50 % av tilsegnssamma skal i 2019 gå til netto tilvekst.

Dagaktivitetstilbod for personar med demens:

Det er eit mål å byggje ut tenestetilbodet før kommunane pliktar å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens frå 1. januar 2020. Det blir derfor føreslege å løyve 50 mill. kroner for å legge til rette for oppretting av 450 nye plassar i 2019.

Fastlegar i kommunane:

Det vert lagt opp til å bevilga 25 mill. kroner til å styrke rekrutteringa til og stabiliteten i allmennlegetenesta. Samla vil satsinga utgjere 39 mill. kroner i 2019.

Psykologar i kommunane:

Frå 1. januar 2020 er et lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. For 2019 vert det føreslege å setje av 50 mill. kroner, tilsvarande 125 nye psykologar, til denne satsinga.

Innlemming av bustadsosiale tilskot:

8,9 mill. kroner vert lagt inn som tilskot til bustadsosialt arbeid, og 15,6 mill. kroner til bustadsosialt kompetansetilskot.

Utskrivingsklare pasientar - rus og psykisk helse:

Det skal innførast betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern 2019. Det blir derfor føreslege å flytte 185 mill. kroner frå regionale helseføretak til kommuneramma.

Opptappingsplan for rusfeltet:

Det blir føreslege å bruke 281 mill. kroner til opptappingsplan for rusfeltet. 200 mill. kroner gjennom styrking av kommunanes frie inntekter og 81 mill. kroner gjennom ein tverrdepartemental oppfølging av opptappingsplanen.

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering:
Regjeringa føreslår 100 mill. kroner til opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering som ein del av kommunane sine frie inntekter.

Ressurskrevjande tenester:

- Innslagspunktet vert auka til 1 320 000 kroner, ei auke med 50 000 kroner ut over lønnsvekst
- Uendra kompensasjonsgrad på 80 prosent.
- Sterk vekst i tal mottakarar og utgifter sidan ordninga blei innført i 2004

Barnehage og skule

- Regjeringa føresler å utvide dagens ordning med gratis kjernetid for 3-, 4- og 5 åringer, til også å omfatte 2-åringer. 45,7 mill. kroner vert lagt inn i ramma til dette.
- Det vert føreslege 10 mill. kroner til oppretting av nye studieplassar for barnehagelærarar.
- Maksimal foreldrebetaling aukar med 50 kr per måned frå 1. august 2019.
- Lærarnorma blir vidareført, og 200 mill. kroner av veksten i dei frie midlane til kommunane blir begrunna med ei særskilt satsing på tidleg innsats i skulen, og 37 mill. kroner til fleire lærarspesialistar i grunnskulen.

Kommunereforma:

Frå januar 2020 får vi 356 kommunar i landet. Framleis har nesten halvparten av kommunane under 5 000 innbyggjarar, og over 120 kommunar vil framleis ha under 3 000 innbyggjarar.

Kommunereforma vil derfor halde fram og Fylkesmannen skal framleis ha ei sentral rolle i reforma.

- Eingongskostnader og reformstøtte blir slått saman til eit nytt eingongstilskot som skal utbetalast ved nasjonalt vedtak om samanslåing.
- Minstesats for to kommunar som slår seg saman, med under 15 000 innbyggjarar, er 25 mill. kroner.
- Inndelingstilskot og tilskot til informasjon og folkehøyringar blir vidareført.
- Det blir ikkje sett tidsfristar for vedtak om samanslåingar. Departementet vil følge opp fortløpande.

Andre satsingar:

Regionreforma gjer til at det blir 11 fylke frå 1. januar 2020. Stortingsmelding om nye oppgåver vart lagt fram 19. oktober i år.

Innovasjon og digitalisering er satsingsområde framover for å utvikle gode kommunale løysingar. Det er føreslege løyvd totalt 1,7 mrd. kroner til nye IT- og digitaliseringstiltak i 2019.

Folketalsutviklinga

Kjelde SSB alternativ MMMM

Til grunn for kommunen sin økonomiplan må det ligge ein folketalsprognose. Ein god prognose for utviklinga i folketallet og dei ulike aldersgruppene er heilt nødvendig for å kunne gi realistiske vurdering av inntekter og utgifter i åra som kjem. Utgangspunktet for å planlegge omfanget og innretninga av tenester i kommunen er avhengig av kva prognosane


seier om vekst eller nedgang i folketalet, og korleis folkesamansetninga er forventa å endra seg. Folketalsvekst og folketalsnedgang gir oss ulike utfordringar i den økonomiske planlegginga og må handterast på forskjellig måte, både på driftssida og investeringsida.

Personar pr. 1. januar	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0-5 år	87	97	114	114	112	108
6-15 år	179	171	155	175	190	190
16-66 år	1 171	1 167	1 171	1 146	1 123	1 109
67 år eller eldre	341	361	365	410	454	494
Totalt folketal	1 778	1 796	1 805	1 845	1 879	1 901

Den prognostiserte veksten i kommande femårsperiode vil medføre at det i 2025 er om lag 1800 innbyggjarar i Aurland. Folketalsvekst høgare enn framskrivinga viser, vil vere avhengig av at bustader blir bygd og at sentrumsnære og attraktive bustadområde blir klargjort. Vidare kan rimelege bustadalternativ vere eit insentiv til auka tilflytting. Evna til å skaffe arbeidsplassar vil være ein nøkkelfaktor.

Barnehagedekninga i Aurland kommune er særst god, og er med på å legge forholda til rette for attraktivitet for unge familiar. Rådmanen tilrår bygging av ny barnehage i 2020 og 2021.

Framskriving av eldre folkemengde 2018-2040: Aurland



Befolkninga blir friskare og lever lenger, medan kostnadane knytt til behandlingmoglegheitene med den medisinske utviklinga aukar veldig mykje. Samhandlingsreforma føreset at det er kommunen sitt ansvar å ivareta pleiebehovet i ei slik utvikling. Tenestene til brukargruppa, skal i Aurland kommune primært gjevast gjennom ambulerande heimetenester. I så måte vil det være viktig for kommune å legge til rette for utbygging og utvikling av bustadmasse, slik at eldre kan bu lengst mogeleg heime.

Aurland arbeider med omstillingar i Pleie og omsorg for å kunne møte behova som er venta i desse tenestene. Investeringar er tilrådd å gjere i økonomiplanperiode 2022 – 2025

Overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling

Før prioritering av ressursane mellom tenesteområda skjer, bør overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsette. Måla og rammene må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Det bør vedtakast lokale målsettingar på desse nøkkelområda:

- Korrigert netto driftsresultat

- Likviditetsgrad
- Eigenfinansiering for investeringar
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesjonsavgiftsfond

Målområde driftsresultat:

Aurland kommune har som mål å oppnå 2% korrigert netto driftsresultat. Dette vil betre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.

Likviditetsgrad

Målområde likviditet:

Aurland kommune skal betre botnlikviditeten med omlag 40 mill. kroner i løpet av planperioden.

Gjeldsgrad

Målområde gjeldsgrad:

Aurland kommune skal ha eit mål om ikkje å overstige om lag 60% i gjeldsgrad.

Premieavvik

Målområde premieavvik:

Kommunen skal innhente halvparten av dette i planperioden, og fondet skal ha ein storleik på 10 mill. kroner 31.12.2022.

Disposisjonsfond

Målområde disposisjonsfond:


Kommunen skal styrke disposisjonsfondet , og det skal ha ein storleik på over 20 mill. kroner 31.12. 2022

Konesjonsavgiftsfond

Målområde konesjonsavgiftsfondet:

Kommunen skal styrke konesjonsavgiftsfondet , og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12. 2022

Utvikling av fond og framskriving av langsiktig gjeld



Storleik, avsetnad og bruk av disposisjonsfondet gjennom året er dei viktigaste indikatorane på den økonomiske situasjonen til kommunen. Dette må koplust opp mot driftsvolumet, lånegjeld og investeringar.


Målsettinga er eit disposisjonsfond med ein grunnbeholdning på minimum 20 millionar kroner. Dette er svært viktig for å betre botnlikviditeten til kommunen, og for å kunne møte uføresette utgifter og omstillingar i åra som kjem. For 2019 er det budsjettert med ei avsetning på om lag 4,5 millionar kroner til det frie disposisjonsfondet. Avsetning og bruk av disposisjonsfondet (budsjettert og regulering gjennom året) viser at fondet er på god veg til å nå målsettinga i 2022. Fondsbeholdninga som er oppgitt i diagrammet inkluderer utbyte frå ARU. Det som likevel er usikkert, er om utbyte blir av den storleik som tilrådinga tilseier. Det er og uheldig at stadig større del av utbyte går til drift av kommunen. Beholdninga av frie disposisjonsfond bør vere om lag 10% av brutto driftsinntekter. I Aurland vil dette vere om lag 25 mill. kroner. Fondet er ein viktig buffer for kommunen, i tilfelle økonomiske endringar som skjer brått. Me den storleiken kan slike endringar skje utan at det krev bråe kutt i tenestene.

Aurland kommune får årleg om lag 16 millionar kroner inn på konsesjonsavgiftsfondet. Desse midlane kan gå til tilskot og lån til bedrifter, nye næringsetableringar, andre næringsstiltak og til kommunale infrastrukturinvesteringar. Det skal vedtakast eige budsjett for bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Auken i 2014 skuldast eit låneopptak på om lag 12 millionar kroner. Låneopptaket skuldast kommunen sin likviditetssituasjon, og var ikkje planlagt i utgangspunktet. Ekstra innbetaling av avdrag i 2015 førte til ei styrking av fondet. Aurland kommune har som mål å bygge opp fondet til ein basiskapital på minimum 20 millionar kroner.



Gjeldsgraden til Aurland kommune har vore relativt låg, men viser kraftig auke ut over planperioden. På grunn av stor ubalanse i drifta, bør dette endrast. Vedtaket om låneopptak førte til betra likviditetssituasjon i 2014, men vart ei kortvarig løysing. Kraftig låneopptak vil ytterlegare presse drifta til kommunen då renter og avdrag blir ført som utgift i driftsrekneskapen.

Skal kommunen nå målet om ikkje å overstige om lag 60% i gjeldsgrad, må det brukast meir eigenkapital i finansieringa av investeringane i perioden, eller at investeringsnivået blir redusert.



Rentebanen


Anslag på styringsrenten



Kilde: Norges Bank

Forventa rentebane dei næraste åra viser at utsiktene og risikobiletet for norsk økonomi ikkje er særleg endra. Kommunen bør likevel ta høgde for auke i rentene dei næraste åra.

Likviditetsvurdering



I 2015 ville likviditetsgrad 2 vore ca 1,5 dersom skjønsmidlane til utbetring etter flaumen hadde blitt treke ut. (blå linje)

Likviditetsanalysen sitt føremål er å kartlegge kommunen sin evne til å betala sine løpande forpliktingar. Den mest vanlege form for likviditetsanalyse er å rekna ut kommunen sin

likviditetsgrad. Det er eit nøkkeltal som kjem fram ved å samanlikne storleiken på kommunen sine omløpsmidlar med storleiken på kommunen si kortsiktige gjeld.

Kommunen sine mest likvide omløpsmidlar (omsett innan eit kvartal) inneheld:

- Kontantar, bankinnskot
- Kassakreditt
- Kortsiktige aksjar og andre verdipapir
- Kundefordringar
- Andre kortsiktige kundefordringar


Aurland kommune har relativt høge inntekter, men likevel har likviditeten til tider vore svært krevjande. Både inntekter og utgifter i kommunen kjem i ulike periodar. Det er difor viktig å ha ein solid botnlikviditet for å kunne dekke dei daglege betalingsforplikingane. Det er nødvendigvis ikkje samanheng mellom høge inntekter (omsetnad) og god likviditet.

I tillegg vil høg aktivitet innan drift og investeringar påverke kommunen sin likviditetssituasjon.

Likviditetsgrad 2 bør vere større enn 1 (>1). Dette er minimum, og det er viktig å vere klar over at målingane er statiske som viser likviditetsstatusen på eit gitt tidspunkt.

I analysen overfor er tidspunktet pr. 31.12. kvart år. Dei siste åra har kommunen hatt likviditetsutfordringar i løpet av året. Likviditetssituasjonen bør betrast, og likviditetsgraden bør kontrollerast ved jamne mellomrom.

Premieavvik - utvikling



Premieavvik er eit stort akkumulert beløp i balansen, og blir ein stor utgiftspost i kommunen sine rekneskap i løpet av nokre år. Aurland kommune har som mål å snu denne utviklinga.

Drift

Oversikt drift

	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
(Tall i 1000 kr)	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Skatt på inntekt og formue	81 925	80 300	83 400	83 400	83 400	80 300
Rammetilskot	38 715	40 200	40 100	39 800	39 800	39 800
Eigedomsskatt	42 612	44 000	39 000	37 000	37 500	38 000
Konsesjonsavgift	15 383	15 300	16 200	16 200	16 200	16 200
Integreringstilskot flyktningar	5 171	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600
Andre statlige overføringer	843	1 200	1 200	1 200	1 200	1 200
SUM FRIE INNTEKTER	184 649	183 600	182 500	180 200	180 700	178 100
Renteinntekter	878	1 000	1 000	900	800	700
Utbyte	8 901	10 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Renteutgifter	-2 420	-2 700	-2 700	-3 000	-3 500	-3 500
Netto renteutgifter/-inntekter	7 359	8 300	6 300	5 900	5 300	5 200
Mottekne avdrag på lån	179	1 000	200	200	200	200
Avdragsutgifter	-7 590	-7 200	-8 000	-8 800	-9 000	-7 400
Netto avdragsutgifter	-7 411	-6 200	-7 800	-8 600	-8 800	-7 200
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-52	2 100	-1 500	-2 700	-3 500	-2 000
TIL FORDELING	184 597	185 700	181 000	177 500	177 200	176 100
<u>Til driftsrammer:</u>						
Politisk leiging	2 832	3 048	3 148	2 548	2 648	2 548
Sentraladministrasjon	10 564	9 155	19 841	19 641	19 641	19 641
Kultur	4 946	4 903	4 903	4 903	4 903	4 903
Aurland Barne og ungdomsskule	19 836	19 323	19 023	16 923	16 923	16 923
Flåm barnehage	3 906	4 366	4 366	4 366	4 366	4 366
Vangen barnehage	5 556	5 370	6 170	6 170	6 170	6 170
Flåm skule	6 489	6 369	6 269	5 569	5 569	5 569
Helse og førebyggjande	11 410	12 723	13 753	13 153	11 798	11 798
NAV Aurland	1 489	2 520	2 220	2 220	2 220	2 220
Barnevern	3 286	3 118	3 118	3 118	3 118	3 118
Pleie og omsorg	57 673	55 879	36 294	34 294	33 794	33 794
Bu og miljøtenester	0	0	19 285	19 285	19 285	19 285
Teknisk	25 741	23 623	23 723	23 623	22 623	22 623
Nøytrale inntekter / utgifter	12 340	11 975	1 169	1 169	1 169	1 169
Sal av konsesjonskraft	-5 703	-6 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Lønsoppgjjer (blir fordelt)	0	0	3 000	2 500	3 000	2 500
Sum fordelt til driftsrammer	160 365	156 372	158 282	151 482	149 227	148 627
<u>Disposisjoner:</u>						
Avsetning til disposisjonsfond	-3 511	-4 528	-558	-2 258	-4 713	-3 213
Avsetning mindreforbruk 2017	-1 060					
Avsetning til konsesjonsavgiftsfond	-16 164	-16 300	-16 400	-16 500	-16 500	-16 500
Avsetning integreringstilskot flyktningar	-5 171	-2 600	-2 600	-2 600	-2 600	-2 600
Avsetning av utbyte		-7 000	-3 000	-4 500	-4 000	-5 000
Bruk av disposisjonsfond		200				
Bruk av tidl. års mindreforbruk	1 834	1 060				
Overføring til investering	-160	-160	-160	-160	-160	-160
Netto disposisjoner	-24 232	-29 328	-22 718	-26 018	-27 973	-27 473
Balanse	0	0	0	0	0	0

Verknader av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2019, er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 2,8 prosent. Dette byggjer bl.a. på eit lønnsvekstanslag på 3,25 prosent i 2019.

Kommunane i fylket får ein vekst i frie inntekter som ligg like under landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg vekst i fylket er 2,8 % medan snittet for landet er 2,9 %. Aurland kommune er veksten i frie midlar på 1,7%. Differansen på kostnadsauken og inntektsauken er på

mellom 2 og 3 mill. kroner alt etter kva gebyrnivå kommunen legg seg på i 2019. Differansen må møtast med tiltak i drifta og/eller auke i inntekter kommunen sjølv kan ta avgjerd på.

Ressurskrevjande tenester:

- Innslagspunktet vert auka til 1 320 000 kroner, ei auke med 50 000 kroner ut over lønnsvekst
- Uendra kompensasjonsgrad på 80 prosent.
- Sterk vekst i tal mottakarar og utgifter sidan ordninga blei innført i 2004.

I Aurland kommune vil dette utgjere 0,5 mill. kroner i auka utgifter. Dette er ikkje innarbeidd i rammene for pleie og omsorg. Det må sjåast nærare på inndekning i løpet 2019.

Kommunen har ei rekke inntektskjelder; skatt frå inntekt og formue, statlege overføringar, gebyrinntekter, renteinntekter, eigedomsskatt og kraftinntekter mm.

Aurland kommune bruker eit verktøy utvikla av KS (prognosemodell) for å fastsette dei forventa inntektene på skatt og rammeoverføring frå staten. Denne modellen blir oppdatert jamleg med ny informasjon om inntektsrammene og folketalsutvikling mm.

Rammetilskotet og skatt på inntekt og formue er i oversikten framskrive med om lag 123 millionar kroner kvart år i planperioden. Dette er ei auke på 3 mill. kroner frå 2018.

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett gir netto skatteskerping for vasskraft.

I forslaget til statsbudsjett for 2019 hevdar Finansdepartementet at grunnrenteskattesatsen må aukast med 1,3 prosentteiningar til 37 prosent når satsen på alminnelig inntektsskatt sett ned med 1 prosentteining til 22 prosent, for å oppnå provenynøytralitet. Dette betyr i realiteten at Aurland kommune får mindre eigedomsskatt, men og mindre skatt på alminneleg inntekt. Eigedomsskatten på vasskraftanlegga er ein stor inntektspost i Aurland kommune. Denne inntekta vart redusert frå 2018 til 2019 (5 mill. kroner). Det er lagt inn ein føresetnad i økonomiplanen at det innført eigedomsskatt på næring gjeldande frå 2020 med 2 mill. kroner i året. Dette vil kompensera noko for nedgangen i eigedomsskatten som er venta i åra som kjem.

Utbyte frå selskap som Aurland kommune eig, eller er medeigar i, er forventa til 8 mill. kroner kvart år i planperioden. 6,5 mill. kroner av dette er eit avkastningskrav frå ARU og 1,5 mill. kroner av Aurland Energiverk AS. Dette er ei usikker inntekt, og utbyte skal/bør ikkje disponerast til løpande drift. I planen er det likevel lagt opp til å auka delen av utbyte som går til drift av kommunen. Grunngevinga for dette er å unngå for mykje straksreduksjonar i tenesteproduksjonen.

Aurland Energiverk AS 100%, og har moglegheit til å sette høgare krav til utbyte frå selskapet.

Auka lånegjeld og auka rente vil utgjere samla 2,2 mill. kroner i perioden. Grunnen til at dette ikkje er høgare, er at kommunen har bunde renta på omlag 25% av den langsiktige gjelda.

Tiltak i økonomiplan 2019 - 2022

Eigedomsskatt på næring

Det blir innført eigedomsskatt på næring frå 2020. Forventa auka inntekt med maksimal promille er om lag 2 mill. kroner i året.

Sal av konsesjonskraft

Aurland kommune sel konsesjonskraft til Aurland Energiverk AS med eit påslag på 10 øre pr. kwh. Ein auke i påslaget på 2 øre vil auke inntekta til kommunen med om lag 2 mill kroner i året. Aurland kommune skal teikne ny avtale med Aurland Energiverk for 2019. Det har vore gjennomført møte med administrasjonen i Aurland Energiverk. Konklusjonen er at 10 øre påslag samsvarar godt med forventa marknadspris. Auken i påslaget frå 8 til 10 øre vil utgjere om lag 2 mill. kroner i året.

Brukarbetalingar

Gebyra innan vatn og avlaup er rekna til sjølvkost. I tillegg er det vedteke prinsipp om anleggsbidrag i utbyggingssaker (investeringar). Aurland kommune følgjer sjølvkostprinsippet vidare ved å innføre dette på dei tenestene dette er meint for. I tillegg blir andre gebyr og betalingssatsar harmonisert samanlikna med andre kommunar. Gjennomgåande er gebyra auka med 3%.

Organisatorisk endringsprosjekt –administrativ og politisk omstilling

Total ramme for ansvar 900 og 110 er kr 21 010 000. Det er tatt ned (implementert) om lag 1. mill. kroner som følgje av endringar på ansvarsområde 110. Dette samsvarar med reduksjonskravet i budsjett 2018.

Det er det gjort endringar i fordelinga mellom dei to ansvarsområda. Det er gjort fleire tilpassingar i drift som er kommentert under kvart ansvarsområde.

Det er og innarbeidd eit måltal på 0,5 mill. kroner i samband med effektivisering av dei politiske- og administrative avgjerdsstrukturane. Denne vurderinga skal skje i 2019, med effekt frå 2020.

Ramme ansvar 900

Ansvarsområdet omfattar desse tenestene/funksjonane:

30110 Plansakshandsaming
32510 Næringsfond
32911 Landbruk
32913 Dyrlege
36001 Skotpremiar
36010 Miljø og klima
36011 Viltforvaltning
36013 Fiskeforvaltning

Nettobudsjett er kr 1,169 mill. kroner. Det er budsjettert med slike inntekter:

Kr 13 111 168 overført frå konsesjonsavgiftsfondet.

Kr 390 000 overført frå andre og sal av tenester (gjeld miljø og klima, plan og viltforvaltning)

Kr 155 000 bruk av bundne fond (gjeld fiskeforvaltning, viltforvaltning og skotpremie)

- Fase 2 av prosjektet Energi og Miljøsats Aurland (EMSA) er innarbeidd i budsjettet. I tillegg til prosjektleiing er det budsjettert med 20% kommunal stilling innan klima og miljø. Rullering av kommunedelplan for klima og energi vil bli prioritert budsjettåret. Kommunal stilling er finansiert med bruk av disposisjonsfond. Prosjektstilling er finansiert av konsesjonsavgiftsfondet og av eksterne tilskott.

- Det er budsjettert med to stillingar innan areal- og samfunnsplanlegging. Ei stilling innan plan er tilrådd finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Ei stilling er finansiert innanfor driftsramma.
- Advokattener er redusert frå 400 000 til 200 000.
- Avtale med Lærdal kommune innan landbruksforvaltning og dyrlegevakt er vidareført.

Ramme ansvar 110 – reduksjon i ramma

Det endra ansvarsområdet omfattar desse tenestene/funksjonane:

10020 AMU
 10024 (ny 11024) Revisjon
 10025 (ny 11025) Kontrollutval
 12010 Rådmannsfunksjon
 12013 Kommunetorget
 12014 Fellesutgifter
 12015 Fellesutgifter IKT
 12016 Hovudtillitsvald
 12025 Økonomiavdeling
 12027 Skulefagleg ansvar
 12028 Personal
 19010 PP-teneste
 20115 Spiren barnehage
 32510 Næringsfond/drift av torg
 33815 Kommunal beredskap
 39010 Kyrkjeleg fellestråd
 39200 Andre religiøse føremål (tilskot til andre trussamfunn)

Det er budsjettert med slike inntekter på ansvar 110:

kr 800 000 sal av tenester
 kr 1 970 000 bruk av disposisjonsfond
 kr 1 300 000 refusjon frå andre kommunar

- Overføring til Kyrkja er vidareført på same nivå kr 2 650 000. Til saman er utgjert overføringar til andre 5 730 000.
- Kjøp av tenester frå andre kommunar er avtalefesta og vidareført med kr 2 540 000. Innanfor IKT er det budsjettert med ein auke kjøp av tenester frå private. Samla kjøp frå private innanfor ansvar 110 er kr 1 210 000 og inkluderer kjøp av tenester til revisjon, sekretariat for kontrollutval, IKT og drift av torget i Flåm. Det er vurdert at kjøp av tenester frå private innan IKT utgjert ein lågare kostnad enn om kommunane aukar bemanninga innan IKT. IKT og administrativ leiding/HR område der område der rådmannen ser behov for å auke bemanning. Det er likevel ikkje funne rom for slik auke i budsjett 2019.

Kommentarar drift

Tal faste stillingar i sentraladministrasjonen er redusert med tre årsverk sidan 2016. Dette utgjert ein reduksjon i bemanning på om lag 20%. Oppfølging av budsjettet vil krevje organisatoriske tilpassingar og stor grad av fornying. Redusert bemanning gjer at digitale løysingar må nyttast i vesentleg større grad enn tidlegare.

Det budsjettert med ei prosjektstilling innan IKT som skal legge til rette for innføring av felles elektronisk kvalitetssystem i heile kommunen. Stillinga er tilrådd finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Rådgjevarfunksjon hjå rådmannen innan oppvekst (120 administrasjon) er redusert frå kr 875.000 til kr 500.000. Stillingsressursen blir såleis redusert frå 100% til 50%. Det er kome førespurnad frå Lærdal kommune om ei deling av ei heil rådgjevarstilling. Dette vil bli vurdert. Ei anna løysing vil vere kunne nytte eigen kompetanse kommuneorganisasjonen, og sjå

dette i saman med planlagde bemanningsreduksjonar i skulen. Utgifter i samband med kommune- og fylkestingsval 2019 er budsjettert på ansvar 100.

Avtale med Lærdal kommune om sal av tenester innan rekneskap og lønn er vidareført. Avtale med Lærdal kommune om skatteoppkrevjing er vidareført.

Avlevering av arkiv til fylkesarkivet held fram. Det er budsjettert med 600 000 til kjøp av tenester frå fylkeskommunen i samband med avlevering av arkiv. Medlemsskap i kommunearkivordninga i fylkes blir vidareført.

Kommentarar fellesutgifter

Fellesutgifter omfattar mellom anna kompetansefond, arbeidsmiljøtiltak, bedriftshelsetenester, kontingent til kommunenes sentralforbund (KS), transparency internasjonal (TI) og medlemsskap i innkjøpsordninga i Sogn og Fjordane. Velferdsmidlar er vidareført med kr 120.000.

Kommentarar investeringar

Det er budsjettert med IKT investeringar på kr 800.000. Investeringar blir prioritert etter prosess internt og saman med samarbeidskommunane Årdal og Lærdal.

Det er budsjettert med kr 150. 000 til adgangskontroll Rådhus. Denne investeringa tek ikkje høgde for utskifting av dør i hovudinngang om det blir aktuelt.

Barnevern – uendra ramme

Det er etablert felles barnevernsvakt med Årdal.

ÅLA-prosjekt - Felles barnevern

Prosjektet er under utgreiing, og vil kome til politisk handsaming i løpet av februar 2019.

Skular og SFO – reduksjon i ramma

Det er venta færre elevar i planperioden. Rammeoverføring pr. barn frå staten er om lag 130.000 kroner. Det blir lagt opp til reduksjon med 4 årsverk i løpet av planperioden. Reduksjon i ramma frå andre halvår i 2019.

Kostnadsdrivarar:

- Tal elevar i gruppene, dvs lærartettleik pr elev
- Skulestruktur / tal skular / gjennomsnittleg skulestorleik
- Lærarane sitt lønnsnivå, dvs utdanning og ansiennitet
- (forbruksmateriell og inventar)

Reduksjon pedagogisk personale må vurderast opp mot fagdekking ved skulen og i samarbeid med ABU og Flåm skule.

Endring av utvida opningstid SFO.

Ny endring av vedtektene bør vurderast i 2019. Dette må vurderast opp mot dokumentert bruk, og kostnader ved ordninga slik den er i dag. Utvida opningstider er ei ordning går ut over det som er kravet. Det må i tillegg vera aksept for å bruka pengar på delt dagsverk, sjølv om dette er ei lite populær ordning. Dersom vi ikkje får endra til opning 07.30 – 16.00 som det var tidlegare, kan også opningstid 07.15 – 16.15 vera eit mogleg alternativ.

Konsekvensar ved endring SFO – liten i høve brukarar.

Barnehagane – auke i ramma

Vangen barnehage aukar driftsramma for å møte grunnlagsendringar.

Auka barnetal i Aurland kommune 2018, kan medføra behov for meir bemanning i løpet av 2019. Det kan bli naudsynt å utvide frå 9-12 plassar på småbarns avdeling.

Flåm barnehage har uendra driftsramme. Auka barnetal i Aurland kommune 2018 kan medføra behov for meir bemanning i 2019. Det kan og bli naudsynt å utvide tal avdelingar.

Helse og førebygging – auke i ramma

Det er etabler felles kommuneoverlege i ÅLA. Lærdal kommune har vertskapet.

Det er endra føresetnader vedkomande Lokal Medisinsk Senter. Dette har blitt om lag 0,5 mill. kroner dyrare enn føresetnaden. Dette inkluderer auke i KAD utgifter (frå fire til tre kommunar, Leikanger har avvikla samarbeidet).

I tillegg er det ei grunnlagsending som kommunen må ta høgde for i 2019.

Det er ikkje funne rom for å vidareføre treningskontaktar etter at ekstern finansiering er avslutta. Dette er ikkje ei lovpålagd oppgåve. Helse Førde opplyser at alle kommunar i fylket har treningskontakt i ein eller anna form. Den vanlege organiseringa er at treningskontakt er organisert som eit ein til ein tilbod, på lik linje med støttekontakt det vert jobba etter likemannsprinsippet. Dvs at brukarar får vedtak på nokre timar kvar veke, og er då saman med ein anna person som er tilsett som treningskontakt på samene vilkår som støttekontakt. Treningskontakt organisert på denne måte vert meir eit tilbod på ettermiddag kveld. Eit anna alternativ er å søke samarbeid med Lærdal kommune om ei slik teneste. Ved eventuell vidareføring av stillinga i Aurland kommune, er det naturleg å knyte denne til frisklivssentral. Det må i så fall tilførast om lag 0.5 mill. kroner.

Felles kommunepsykolog i Aurland, Lærdal og Årdal.

Lov om helse- og omsorgstenester i kommunen innfører krav om psykologtenester frå 2020. Kommunane må førebu seg på dette og finne ut korleis tilbodet skal etablerast. For å kunne tilby større og meir føremålstenlege stillingar, vil det vere naudsynt å gå saman med andre kommunar slik at det kan rekrutterast i heil stilling.

Det er naturleg å greie ut dette saman med Lærdal og Årdal samt vurdere om stillinga skal leggjast til Sogn Lokalmedisinske senter.

Framtidig legetenester Aurland, Lærdal og Årdal.

Felles kommuneoverlege ver pådrivar utvikling av felles legetenester mellom Aurland og Lærdal.

Kompetansekrava som blir stilt til legar i kommunane, tvingar fram behov for større samarbeid om legetenestene. For å ha rettleiarkompetanse, i tillegg til å ha legar som stettar kompetansekrava i forskriftene, må kommunane rekne med at større legekantor er meir attraktive som arbeidsplass. På den måten kan vere lettare å rekruttere legar til distrikta. Målet er å redusere ressursbruk på sikt. Gjennom eit meir robust interkommunalt legeteneste kan reduksjonen skje m.o.t legeressurs og hjelperessursar.

NAV – redusert ramma

Ramma til NAV er redusert med 0,3 mill. kroner. Dette baserer seg på tenesteininga sine resultat dei siste to åra. Reduksjonen er noko usikker, då det for tida er rekordlåg arbeidsledigheit og låge utbetalingar i sosialhjelp.

Pleie og omsorg – redusert ramme

Som følge av oppretting av ny tenesteeining for Bu- og miljøtenester, er det gjort endringar i tenestestruktur og leiarstruktur. Budsjettet fordeler seg med kr 36 294 000,- på pleie og omsorg og kr 19 285 000,- på bu- og miljøtenester.

Desse funksjonane inngår i pleie og omsorg frå 2019:

Funksjon 12022 Adm pleie og omsorg

Funksjon 25310 Aurland helsetun

Funksjon 25312 Aurland helsetun – kjøkken

Funksjon 25410 Praktisk hjelp

Funksjon 25411 Heimesjukepleie

Funksjon 25414 Dagtilbod til heimebuande demente

Funksjon 27301 Tilretteleggingstiltak

Totalt ligg dette under budsjettet for inneverande år, og i budsjettframlegget er det lagt inn reduksjonar på lønn der målet er at vi ved fråvær tilpassar vikarbruk etter aktivitetsnivået og behovet i tenestene. Ved ledigheit i stillingar skal det alltid gjerast ein vurdering av behov før det blir tilsett på nytt i stillinga. Fagleg forsvarlegheit skal alltid ligge til grunn i slike vurderingar.

Bu- og miljøteneste – redusert ramme

Som følge av endra leiarstruktur og oppretting av ny tenesteeining er det gjort endringar i lønn.

I det komande året vil det bli jobba mot å redusere kjøp frå eksterne aktørar. Det er forvente reduksjon i kjøp frå private på om lag 1,5 mill. kroner i 2019, og ytterlegare 1,5 mill. kroner i 2020. Tal frå rekneskap for dei 3 siste år gjeldande omsorgstiltak til personar med samansett og omfattande hjelpebehov, der ekstern aktør blir leigt inn for å handtere dagleg drift:

2016: Brutto 23 000 000, netto 12 920 000

2017: Brutto 17 490 000, netto 8 980 000

2018: Brutto 13 570 000, netto 6 250 000 (forventa resultat for inneverande år)

Til tenesteeininga ligg ansvar i å utvikle nye dagaktivitetstilbod. Budsjettet gjev lite rom for dette. Kommunen bør ha fokus på å vri eksisterande ressursar, og finne handlingsrom for å starte prosessane. Nye aktivitetstilbod vil krevje tilføring av midlar.

Teknisk drift – uendra ramme

ÅLA-prosjekt - Brann, redning og beredskap

Det blir vurdert felles utfordringar for dei tre kommunane knytt til det førebyggjande arbeidet, og endring av feieforskrifta til også å gjelde feiing av fritidsbustader.

Prosjektet er under utgreiing, og vil kome til politisk handsaming i løpet av februar 2019.

Kommunale selvkostgebyr – budsjett 2019

Aurland kommune beregner kommunale gebyrer i tråd med Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalings- tjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Selvkost innebærer at kommunens kostnader med å frembringe tjenestene skal dekkes av gebyrene som brukerne av tjenestene betaler. Kommunen har ikke anledning til å tjene penger på tjenestene. En annen sentral begrensning i kommunens handlingsrom er at overskudd fra det enkelte år skal tilbakeføres til abonnentene eller brukerne i form av lavere gebyrer innen de neste fem årene. Dette betyr at hvis kommunen har avsatte overskudd som er eldre enn fire år, må overskuddet brukes til å redusere gebyrene i det kommende budsjettåret. Eksempelvis må et overskudd som stammer fra 2014 i sin helhet være disponert innen 2019.

Utfordringer med selvkostbudsjettet


Det er en rekke faktorer som Aurland kommune ikke rår over i forhold til hva selvkostresultatet for det enkelte år vil bli. De viktigste faktorene er budsjettårets forventede kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), gjennomføringsevne på planlagte prosjekter (kapasitetsbegrensninger internt og eksternt), samt (uventede) inntekter fra nye abonnenter eller brukere. I sum fører dette til at det er utfordrende å treffe med budsjettet.

Generelle forutsetninger

Kalkylerenten er for 2019 anslått å være 2,57 %. Lønnsvekst fra 2018 til 2019 er satt til 4,00 % mens generell prisvekst er satt til 2,50 %. Budsjettet er utarbeidet den 3. oktober 2018. Tallene for 2017 er etterkalkyle, tallene for 2018 er prognostiserte verdier og ikke tall fra budsjettet. Tallene for 2019 til 2022 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterligere grunnlagstall og beregningsmetoder henvises det til kommunens selvkostmodell Momentum Selvkost Kommune

Gebyrutvikling vann, avløp, og feiing.

Fra 2018 til 2019 foreslås en samlet gebyrøkning på rundt 20 % for å dekke kommunens kostnader på områdene. Gebyret for avløp øker med 33 %, mens gebyret for feiing reduseres med 25 %. I perioden 2017 til 2022 øker samlet gebyr med kr 3 384,-, fra kr 9 781,- i 2017 til kr 13 165,- i 2022. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig gebyrøkning på 6 %. I stolpediagrammet under er gebyret for vann og avløp basert på et årlig stipulert forbruk på 200 kubikkmeter vann. Gebyrsatsene er inkl. mva.



Årlig gebyrøndring fra året før	2019	2020	2021	2022
Vann	16,9 %	12,5 %	13,2 %	4,1 %
Avløp	33,2 %	16,6 %	6,3 %	6,5 %
Feiing	-25,3 %	0,5 %	2,1 %	2,1 %
Total endring	20,1 %	13,7 %	8,4 %	5,1 %

Dette forslaget til gebyrsatser for 2019 er utarbeidet i samarbeid med EnviDan Momentum AS. Aurland kommune benytter selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkulasjon av kommunale gebyrer. Modellen benyttes for tiden av flere enn 300 norske kommuner og selskap. EnviDan Momentum AS har 15 års erfaring med selvkostproblematikk og bred erfaring rundt alle problemstillinger knyttet til selvkost.

Budsjettskjema 1A - drift

DRIFTSOVERSIKT	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Budsjettskjema 1A - drift			
Skatt på inntekt og formue	81 490 467	80 300 000	83 400 000
Ordinært rammetilskudd	38 715 000	40 200 000	40 100 000
Eigedomsskatt	42 612 325	44 000 000	39 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	30 518 602	15 300 000	16 200 000
Andre generelle statstilskudd	6 014 405	3 800 000	3 800 000
Sum frie disponible inntekter	199 350 799	183 600 000	182 500 000
Renteinntekter og utbytte	9 779 460	11 000 000	11 000 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 420 759	2 700 000	2 700 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Netto avdragsutgifter	7 411 103	6 200 000	7 800 000
Netto finansinnt./utg.	-52 402	2 100 000	500 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk			
Til ubundne avsetninger	4 571 063	11 528 000	3 558 000
Til bundne avsetninger	21 335 308	18 900 000	19 000 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	1 834 296	1 060 000	-
Bruk av ubundne avsetninger		200 000	-
Bruk av bundne avsetninger		17 654 299	-
Netto avsetninger	24 072 075	11 513 701	22 558 000
Overført til investeringsbudsjettet	160 000	160 000	160 000
Til fordeling drift	160 366 322	156 372 000	160 282 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	159 306 556	156 372 000	160 282 000
Mindreforbruk	1 059 766	-	-

Budsjettskjema 1B (Driftsoversikt)

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	(DRIFTSOVERSIKT)	2017	2018	2019
100	POLITISKE ORGAN	2 831 764	3 048 000	3 148 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	10 563 721	9 155 000	19 841 000
120	KULTUR	4 946 171	4 903 000	4 903 000
210	ABV	19 836 422	19 323 000	19 023 000
221	FLÅM BARNEHAGE	3 905 988	4 366 000	4 366 000
222	VANGEN BARNEHAGE	5 556 364	5 370 000	6 170 000
230	FLÅM SKULE	6 488 512	6 369 000	6 269 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	11 410 465	12 723 000	13 753 000
301	NAV	1 488 989	2 520 000	2 220 000
302	BARNEVERN	3 286 227	3 118 000	3 118 000
310	PLEIE OG OMSORG	57 673 389	55 879 000	36 294 000
311	BU OG MILJØTENESTER	-	-	19 285 000
500	TEKNISK	25 741 023	23 623 000	23 723 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	12 340 499	11 975 000	1 169 000
	SUM TENESTEEININGANE	166 069 534	162 372 000	163 282 000
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-5 703 211	-6 000 000	-6 000 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-	-	3 000 000
	TOTALT FORDELT TIL DRIFT	160 366 323	156 372 000	160 282 000
	Fordelt til drift (frå skjema 1A)	159 306 556	156 372 000	160 282 000
	Mindreforbruk	1 059 767	-	-

NB! Ansvarsområde 110 (rådmannsfunksjon) og ansvar 900 (nøytrale utgifter) må sjåast i samanheng.

Budsjett konsesjonsavgiftsfondet

Saldo 31.12.2017	21 981 199
Bruk i drift pr 2.11.2018	-11 500 000
Budsjettetert bruk i investering 2018	-12 300 000
Konsesjonsavgift	15 300 000
Saldo 31.12.2018 (prognose)	13 481 199
Saldo 31.12.18	13 481 199
Konsesjonsavgift	16 200 000
Plansaksbehandling	-2 700 000
Lønn inkl arb.g.avgift næring	-1 461 168
Reiseutgifter	-100 000
Konsulent	-200 000
Informasjonstenester	-237 000
Kontingentar	-300 000
Landbruk - avtale med Lærdal	-200 000
Dyrlege	-150 000
Oppfølging prosess stadsutvikling Vangen	-188 000
Tilskot til stadsutvikling Vangen (Fylkeskommunen)	292 000
Tenesteavtale Nærbutikken Undredal (Mercurprosjekt)	-50 000
Turistskilting	-150 000
Tilskot spreidd busetnad	-300 000
Førstelineteneste ekstern rådgjeving	-100 000
Tilskot	-2 200 000
Entreprenørskapsmessa	-25 000
Medlemsavtale Visit Sognefjord	-1 050 000
Følgje opp arrangement - tilskot	-50 000
Tilskot landbruk	-300 000
Prosjekt Energi og miljø	-250 000
Nærøyfjorden verdsarvpark	-300 000
Nynorske litteraturdagar	-400 000
Advokattenester	-200 000
Landbruk	-400 000
Diverse	-15 000
Budsjettetert bruk i investering 2019	-9 100 000
Teoretisk saldo 31.12.2019	9 547 031

FRAMLEGG OVERSIKT INVESTERINGAR 2019-2022							
Prosjekt	ÅR		Sum				
nr	Tiltak	Budsjett 2018	2019 - 2022	2019	2020	2021	2022
	Helse og omsorg						
	Telemedisin	75	-				
	Heis Aurland Helsetun	1 100	-				
1	Låssystem Aurland Helsetun		300			300	
2	Sengekjøp planmessig utskifting		200	100	100		
3	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg		21 500	1 500		10 000	10 000
	<i>Delsum helse og omsorg</i>	1 175	22 000	1 600	100	10 300	10 000
	Oppvekst						
4	Barnehage		49 000	1 500	25 000	22 500	
	Huskestativ Flåm barnehage	120	0				
	Grupperom ABU	100	0				
	<i>Delsum oppvekst</i>	220	49 000	1 500	25 000	22 500	-
	Samferdsel						
	Vegutviding Onstad Bru (svingen på Onstad)	10	-				
5	Turveg Heggviki - Bøen	500	25 200	500	12 200	12 500	
6	Kjøp av grunn parkering Gudvangen	300	500	500			
7	Oppgradering Ryavegen-Flåmsdalsvegen		2 500	2 500			
	Utskifting gateløys	3 100	-				
8	Gateløys Kleivi-Steinshølen		1 400	1 400			
	Gateløys-omlegging for energimåling	2 300	-				
9	Olje og bensinutskiljar Gudvangen		500	500			
10	Omlegging av tilkomstveg A-feltet		2 000	2 000			
	Garderobeanlegg rutebilstasjon	700	-				
11	Gravemaskin		1 000	1 000			
	Rekkverk Turlidvegen	400	-				
12	Veg Bakkane 8/16		1 200		1 200		
	Parkering Flåm kyrkje	700	-				
13	Gateadresser	200	200	200			
	<i>Delsum samferdsel</i>	8 210	34 500	8 600	13 400	12 500	-
	Vatn, avløp og renovasjon						
14	Høgdebasseng Nedre Fretheim		14 000	500	7 000	6 500	
15	Renseanlegg Flåm sentrum		3 000		3 000		
16	Høgdebasseng Utbygdi (i samband med Ty)		2 200			2 200	
17	Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen		2 200			1 400	800
	Vatn og avløp Bakka	650	-				
18	Vangen sentrum		500			500	
19	VA Tjødni - Brekkefossen		3 000			3 000	
20	Infiltrasjonsanlegg Gudvangen		5 000	5 000			
21	Teknisk bygg Gudvangen	850	-				
	Vinjavegen	900	-				
22	VA Bakkane 8/16		1 800		1 800		
	Ledningar gamle Flåm S-lag	800	-				
	Olje og bensinutskiljar miljøstasjon	200	-				
	VA Fretheimshaugane	2 300	-				
23	Utskifting pumpestasjon A-feltet		1 800	1 800			
24	Ledningar Ryggjåtun-Vangen		1 200	1 200			
25	VA forbi Fretheim hotell		1 700	1 700			
	VA - kryssing E16 Gudvangen	800	-				
	<i>Delsum vatn, avløp og renovasjon</i>	6 500	36 400	10 200	11 800	13 600	800

	Kultur						
26	Oppgradering Heradshuset	700	0				
27	Symjehall inkl terapibad	39 188	22 000	22 000			
28	Toalett Heradshuset		200	200			
29	AIS-arb.miljø, lokaler mus og kulturskolen		1 100	1 100			
	Dagsturhytte	750	0				
30	Oppgradering av tursti Brekkefossen	1 250	1 400	1 400			
	<i>Delsum kultur</i>	<i>41 888</i>	<i>24 700</i>	<i>24 700</i>	-	-	-
	Bustadpolitisk						
31	Opparbeiding Furuly, Lunde	500	-				
32	Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2	500	7 200	1 800	5 400		
33	Opparbeiding Ty - grunnkjøp og opparbeiding	800	8 200	1 000	3 000	4 200	
	Rehabilitering Ryggjakyrkja 4	300	-				
34	Overtaking Ystebøen bustadfelt	825	3 075	1 825	1 250		
35	Smiebakken	570	9 000				9 000
	<i>Delsum bustadpolitisk</i>	<i>3 495</i>	<i>27 475</i>	<i>4 625</i>	<i>9 650</i>	<i>4 200</i>	<i>9 000</i>
	Flaumkatastrofen 2014						
36	Investeringar etter flaumen	11 000	6 500	6 500			
37	Kommunal andel etter flaumen	550	-				
	<i>Delsum flaumkatastrofen 2014</i>	<i>11 550</i>	<i>6 500</i>	<i>6 500</i>	-	-	-
	Interne fellesfunksjonar						
38	IKT - investeringar	800	2 400	800	800	800	
39	Eigenkapitalinnskott KLP	800	2 400	800	800	800	
	<i>Delsum interne fellesfunksjonar</i>	<i>1 600</i>	<i>4 800</i>	<i>1 600</i>	<i>1 600</i>	<i>1 600</i>	-
	Andre investeringar						
40	Heving av kyrkjegard Aurland		300		300		
41	Sprekkdannelsar Vangen kyrkje		300			300	
42	Breibandutbygging	900	700	700			
43	Adgangskontroll rådhuset		150	150			
44	Rassikring Nedre Brekke Flåm	6 400	-				
45	Grøntanlegg Gudvangen	435	-				
	Straumtilgang Vassbygd Industriområde	2 350	-				
	<i>Delsum ymse</i>	<i>10 085</i>	<i>1 450</i>	<i>850</i>	<i>300</i>	<i>300</i>	-
	Sum tiltak:	84 723	206 825	60 175	61 850	65 000	19 800

FINANSIERING:						
ÅR	2018	Sum	2019	2020	2021	2022
Tiltak	tiltak 2017-2020					
Mva refusjon	-14 020	-30 677	-8 996	-9 009	-9 252	-3 420
Sal av tomter	-2 400	-				
Sal av tomter Fretheimshaugane del 2		-5 000			-3 000	-2 000
Sal av tomter Ty		-2 000				-2 000
Refusjon VA Rygg		-800	-800			
Tilskot - trafikktryggingsmidlar	-200	-				
Tilskot - Høgdbasseng Nedre Fretheim		-3 000		-1 000	-2 000	
Bruk av lån	-24 743	-93 409	-33 720	-33 681	-30 788	4 780
Tilskot spelemidlar symjehall	-16 500	-				
Tilskot Husbanken Helsetunet		-7 000				-7 000
Spelemidlar/tilskot turveg Brekkefossen	-600	-900	-900			
Tilskot Gangveg Heggviki - Bøen		-17 800		-8 000	-9 800	
Bruk av skjønsmidlar (flaumpengar)	-8 800	-6 500	-6 500			
Tilskot breibandutbygging		-				
Konsesjonsavgiftsfondet	-12 300	-39 100	-9 100	-10 000	-10 000	-10 000
Bruk av disposisjonsfond	-5 000	-				
Overført frå drift	-160	-640	-160	-160	-160	-160
Sum finansiering	-84 723	-206 825	-60 175	-61 850	-65 000	-19 800
Balance	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2A - investering

INVESTERINGSBUDSJETT 2018			
Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringer i anleggsmidler	89 304 058	80 953 000	59 375 000
Utlån og forskutteringer	1 650 000		
Kjøp av aksjar og andeler	784 733	800 000	800 000
Avdrag på lån	632 776		
Dekning av tidlegare års underskot	0		
Avsetninger	23 456		
Årets finansieringsbehov	92 395 023	81 753 000	60 175 000
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	32 647 721	19 293 000	33 990 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	4 250	9 400 000	
Kompensasjon for meirverdiavgift	14 110 987	13 600 000	8 726 000
Tilskudd til investeringer	0	0	1 700 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	8 770 669	17 300 000	
Andre inntekter	22 960		
Sum ekstern finansiering	55 556 587	59 593 000	44 416 000
Overført fra driftsbudsjettet	160 000	160 000	160 000
Bruk av avsetninger	28 500 000	22 000 000	15 599 000
Sum finansiering	84 216 587	81 753 000	60 175 000
Udekket/udisponert	8 178 436	0	0

Budsjettskjema 2B - investeringar 2019

Investeringar 2019 (skjema 2B)	Budsjett
	2019
SENGEKJØP PLANMESSIG UTSKIFTING	100 000
BYGNINGSMESSIGE TILTAK PLEIE OG OMSORG	1 500 000
NY BARNEHAGE	1 500 000
TURVEG HEGGVIKI BØEN	500 000
KJØP AV GRUNN PARKERING GUDVANGEN	500 000
OPPGRADERING RYAVEGEN	2 500 000
GATELYS KLEIVI-STEINSHØLEN	1 400 000
OLJE OG BENSINUTSKILJAR GUDVANGEN	500 000
OMLEGGING AV TILKOMSTVEG A-FELTET FLÅM	2 000 000
GRAVEMASKIN	1 000 000
GATEADRESSER	200 000
HØGDEBASSENG FLÅM	500 000
INFILTRASJONSANLEGG GUDVANGEN	5 000 000
UTSKIFTING PUMPESTASJON A-FELTET	1 800 000
LEDNINGAR RYGGJATUN-VANGEN	1 200 000
VA FORBI FRETHEIM HOTELL	1 700 000
SYMJEHALL	22 000 000
TOALETT HERADSHUSET	200 000
AIS - LOKALER MUS OG KULTURSKULEN	1 100 000
OPPGRADERING TURSTI BREKKEFOSSEN	1 400 000
OPPARBEIDING AV FRETHEIMSHAUGANE DEL 2	1 800 000
OPPARBEIDING TY - GRUNNKJØP	1 000 000
OVERTAKING YTSTEBØEN BUSTADFELT	1 825 000
INVESTERINGAR ETTER FLAUMEN	6 500 000
IKT-INVESTERINGAR	800 000
BREIBANDUTBYGGJING	700 000
ADGANGSKONTROLL RÅDHUSET	150 000
EIGENKAPITALINNSKOT klp	800 000
TOTALT	60 175 000

Vedlegg: Skildring av investeringstiltak 2019 – 2022**Prosjektnamn: 01 Låssystem Aurland Helsetun**

Skildring:	Skifting av eksisterande låssystem. Dagens løysing er ustabil og krev mykje tilsyn
Gjennomføring:	hente inn tilbod og gjennomføre tiltak
Konsekvensar:	

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme				300		300	300
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-	-	54	-	54	54
Bruk av lån	-	-	-	246	-	246	246
Sum finansiering	-	-	-	300	-	300	300

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar	-	-	-	-	-	-
Intern leverandør (teknisk)	-	-	-	-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	Spare inn på tidsbruk knyta til drift av anlegget
--	---

Prosjektnamn: 02 Sengekjøp Aurland Helsetun

Skildring:	Innkjøp av nye senger ved Aurland Helsetun
Gjennomføring:	hente inntilbud og gjennomføre tiltak
Konsekvensar:	

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme		100	100			200	200
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-18	-18	-	-	-36	-36
Overført frå drift	-	-82	-82	-	-	-164	-164
Sum finansiering	-	-100	-100	-	-	-200	-200

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar	-	-	-	-	-	-
Intern leverandør (teknisk)	-	-	-	-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	
--	--

Prosjektnamn: 03 Bygningsmessige tiltak Pleie og omsorg

Skildring:	Dette er eit delprosjekt innan omstillingsprosjektet i pleie- og omsorg. Utarbeiding av forprosjekt knyta til utarbeidd behovsanalyse for arealbehov innan tenesta. Avklare arealbruk. Oppstart av reguleringsplanarbeid.
Gjennomføring:	
Konsekvensar:	Behova for større omfang av tenester melder seg etter denne planperioden, slik at konsekvensane av utsetjing av gjennomføringa er mindre - sjølv om ein del behov allereie er til stades per i dag. Usikkerheiten i framskriving av behov vil gå ned i mellomtida.

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme			500	1 000	20 000	21 500	21 500
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-	-90	-180	-3 600	-3 870	-3 870
Tilskot Husbanken	-	-	-	-300	-6 700	-7 000	-7 000
Bruk av lån			-410	-520	-9 700	-10 630	-10 630
Sum finansiering	-	-	-500	-1 000	-20 000	-21 500	-21 500

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar						
Intern leverandør (teknisk)						
Sum						

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	Pleie og omsorg: Dersom utbygging blir utsett i fleire år, blir det særleg viktig å gjere tiltak i bufellesskapet i den gamle institusjonen, slik at dei 6 romma der kan brukast. Dette er den eldste fløyen, og den bygningsmessige tilstanden er dårleg. Det har vorte påvist muggsopp etter kontrollar utført av bedriftshelsetenesta i 2017. Teknisk har i samråd med Pleie og omsorg gjennomført tiltak for å avgrense ytterlegare forfall i bygningsmassen.
--	---

Prosjektnamn: 04 Barnehage

Skildring:	Forprosjekt av ny barnehage, og bygging av ny barnehage ved valgt plassering.
Gjennomføring:	Forprosjekt danner grunnlag for innhenting av anbod på bygging av ny barnehage. Før oppstart må reguleringsplanprosessen vere ferdig.
Konsekvensar:	

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme		1 500	25 000	22 500		49 000	49 000
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-270	-4 500	-4 050	-	-8 820	-8 820
Konsesjonsavgiftsfond				-4 000		-4 000	-4 000
lånopptak	-	-1 230	-20 500	-14 450	-	-36 180	-36 180
Sum finansiering	-	-1 500	-25 000	-22 500	-	-49 000	-49 000

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	Kalkyle frå Asplan Viak (2015) indeksregulert til 2018-kroner, og fordelt ihht. forventa progresjon per år. Kalkylen inkluderer ikkje kjøp av grunn.
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar	-	-	-	-	-	-
Intern leverandør (teknisk)	-	-	-	-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	Driftseffekt for teknisk er avhengig av plan for eksisterande eigedomsmasse for kommunale barnehagar.
--	---

Prosjektnamn: 05 Turveg Heggviki - Bøen

Skildring:	Opparbeiding av turveg frå Heggviki til Bøen
Gjennomføring:	Førebuing av grunnverv i 2019. Omfattande tiltak med store tekniske/økonomiske utfordringar på delar av strekninga. Eventuell gjennomføring føreset ekstern finansiering frå t.d. lokalt næringsliv/Statens vegvesen. Aurland kommune har sendt søknad til Statens vegvesen om delfinansiering
Konsekvensar:	Statens vegvesen har høge krav til teknisk gjennomføring og utskifting av mellom anna rekkverk ved nærføring av turveg langs E16.

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme		500	12 200	12 500		25 200	25 200
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-90	-2 196	-2 250	-	-4 536	-4 536
lånopptak		-410	-2 160	-2 250		-4 820	-4 820
Ekstern finansiering		-	-7 844	-8 000	-	-15 844	-15 844
Sum finansiering	-	-500	-12 200	-12 500	-	-25 200	-25 200

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	Det er sannsynsoverheng for at økonomisk ramme i tidlegare økonomiplan er vesentleg lågare enn forventa investeringskostnad, men det er ikkje utført nye kalkylar for dette.
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar	-	-	-	-	-	-
Intern leverandør (teknisk)	-	-	-	-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	Gjennomføring vil medføre omfattande ressursbehov internt (teknisk) til gjennomføring av ei rekkje grunnverv - og oppfølging av byggjeprojektet. Det følgjer drifts- og vedlikehaldskostnader med investeringa som t.d. sommarvedlikehald og snøbrøyting.
--	---

Prosjektnamn: 06 Kjøp av grunn og parkering Gudvangen

Skildring:	Kjøp av grunn til opparbeiding av parkeringsareal P2 og P5 i reg.plan for Gudvangen sentrum
Gjennomføring:	
Konsekvensar:	

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2021	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme		500				500	500
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-						
Konsesjonsavgiftsfond	-	500	-	-	-	500	500
Sum finansiering	-	500	-	-	-	500	500

Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot	
---	--

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
Interne brukarar	-	-	-	-	-	-
Intern leverandør (teknisk)	-	-	-	-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-

Kort skildring av driftseffekt investeringa vil ha. Realistiske måltal. Konsekvens for brukar og organisasjon.	Opparbeiding av tiltaket vert innarbeid seinare.
--	--

Prosjektnamn: 07 Oppgradering av Ryavegen- Flåmsdalsvegen

Skildring:	Ryavegen :Slutføring av tiltak som er starta opp i 2017. Aktuelle tiltak: vegrekkverk, støttemurar, reasfaltering, masseutskifting. Flåmsdalevegen: Utbetring av stekninga forbi Leina som følgje av anleggstrafikk etter flaumhendinga
Gjennomføring:	
Konsekvensar:	Delar av vegstrekninga har teleskader og støttemurar som er i ferd med å gli ut. Manglande slutføring kan føre til stengt veg.

Økonomi (tal oppgitt i 1000-kr)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode	Total kostnad
Brutto inv. Ramme		2 500				2 500	2 500
Finansiert slik:							
Mva. komp.	-	-450	-	-	-	-450	-450
Konsesjonsavgiftsfond	-	-2 050	-	-	-	-2 050	-2 050
Sum finansiering	-	-2 500	-	-	-	-2 500	-2 500
Skildring av grunnlag for berekning og type tilskot							

Driftsmessige konsekvensar (økonomisk effekt)

	2018	2019	2020	2021	2022	Sum i periode
